

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-600, TI-&40  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 26.08.2020

Saksframlegg

| Saksnr. | Utvalg                                     | Møtedato   |
|---------|--|------------|
| 036/20  | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 31.08.2020 |
| 076/20  | Alver formannskap                          | 03.09.2020 |
| 093/20  | Alver kommunestyre                         | 17.09.2020 |
| 051/20  | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur     | 01.09.2020 |
| 033/20  | Eldreråd                                   | 31.08.2020 |

**Kommunehuset Manger - Forprosjekt kulturhus  
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Eldreråd 31.08.2020:**

**Behandling:**

Fagansvarleg prosjekt, Stian Marøy, orienterte og svarta på spørsmål.  
Eldrerådet sluttar seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg og har ingen merknader i saka.

**ER- 033/20 Vedtak:**

Eldrerådet har ingen merknader i saka.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 31.08.2020:**

**Behandling:**

Orientering til saka v/Eirik B. Utne-kultursjef  
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**RMNF- 036/20 Vedtak:**

**Uttale frå RMNF - 31.08.2020:**

Kommunestyret avklarar vidare planlegging og utvikling av Manger kommunehus til kulturhus med bibliotek i samband med økonomiplanarbeidet.

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 01.09.2020:**

**Behandling:**

Orientering til saka v/Stian Marøy-fagansvarleg Prosjekt

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 051/20 Vedtak:****Uttale i OKK - 01.09.2020:**

Kommunestyret avklarer vidare planlegging og utvikling av Manger kommunehus til kulturhus med bibliotek i samband med økonomiplanarbeidet.

**Alver formannskap 03.09.2020:****Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 076/20 Vedtak:**

Kommunestyret avklarer vidare planlegging og utvikling av Manger kommunehus til kulturhus med bibliotek i samband med økonomiplanarbeidet.

**Alver kommunestyre 17.09.2020:****Behandling:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**KO- 093/20 Vedtak:**

Kommunestyret avklarer vidare planlegging og utvikling av Manger kommunehus til kulturhus med bibliotek i samband med økonomiplanarbeidet.

**Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal til innstilling Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

**Bakgrunn**

Etter at kommunane Radøy, Lindås og Meland vedtok å slå seg saman, vart det bestemt at det skulle sjåast på moglegheita for å nytta kommunehuset på Manger til anna føremål. Med det vart det gjort ein moglegheitsstudie som opna for å skapa eit kulturbygg. Etter gjennomgang av moglegheitsstudia vart det vidare gjennomført eit forprosjekt der ein fekk framlagt korleis kommunehuset kunne endra bruk til kulturhus.

**Saksopplysninger:**

Forprosjektet for kulturhus på Manger er laga av 3RW arkitekter i samarbeid med rådgjevarar frå Sweco. Dei har sett på endra bruk til blant anna bibliotek, øvingslokale for korps/band og kontorområde til kommunalt bruk. Endra bruk av kommunehuset krev ei bruksendring for eigedomen. Dette medfører at det vert stilt krav etter siste gjeldande tekniske forskrift. Det vert difor blant anna behov for utskifting av det elektriske anlegget og bygget må sprinklast. For å få tilstrekkeleg areal til korpsøvingar er det i forprosjektet tenkt eit tilbygg som innehar øvingssal på 150 m<sup>2</sup>, instrumentlager, garderobar, toalett osv.

Det er gjort ein kostnads kalkyle for arbeida, både med og utan tilbygget. Ombygginga i eksisterande bygg er kalkulert til 16 795 000 nok eks mva. Då er risikoavsetting ikkje inkludert, heller ikkje kostnadar med utomhus VA, anleggsbidrag BKK, storkjøkkenen og laust møblement.

Tilbygget har ein estimert kostnad på 11 880 600 nok eks mva + risikoavsetting.

Utan tilbygget vil det også verta behov for å prosjektera om eksisterande bygg. Sjølv om det i prosjektet har vore fokus på at eksisterande bygg med ombygging skal kunna fungera utan

tilbygget, er det vanskeleg å få dette 100 % utan å ha fleire sett med teikningar og alternativ.

Samla kostnadar kjem på ca. 36 millionar + uforutsette kostnadar og tidlegare nemnte punkt. Gjennomført prosjekt er ikkje eit ferdig prosjektert bygg, men eit forprosjekt. Det betyr at løysingane må detaljprosjekterast, men for å realisera bygget i tråd med forprosjektet vil det krevja ei budsjetttramme i størrelsesorden rundt 40 millionar.

**Vedlegg i saken:**

|            |  |         |
|------------|--|---------|
| 25.08.2020 | Manger kulturhus - Funksjonsbeskrivelse kulturteknisk<br>entreprise. Forprosjekt 15.05.20 -RIE | 1435174 |
| 25.08.2020 | Manger kulturhus - Funksjonsbeskrivelse Forprosjekt<br>15.05.2020                              | 1435175 |
| 25.08.2020 | A22-103 Plan 2. Etasje   | 1435177 |
| 25.08.2020 | A21-002 Utomhusplan  | 1435178 |
| 25.08.2020 | A22-101 Plan Kjeller   | 1435179 |
| 25.08.2020 | A22-102 Plan 1. Etasje   | 1435180 |
| 25.08.2020 | Eksisterande bygg  | 1435182 |
| 26.08.2020 | Vedlegg 5 - Notat Kulturhusplan DA   | 1435821 |